

Sykkylven Energi AS informerer...

10. mars 2017

Side 1

Varslingar via sms/talemelding

Vi minner om at vi ved uventa og planlagde straum- og vassutkoplingar varslar kundane våre via sms/talemelding.

SERVICEVARSLING.NO

Telefonnummeret ditt vert henta frå Folkeregisteret, tele- og mobiloperatørar eller Matrikkelen. På www.servicevarsling.no kan du sjekke kva som er oppført på deg.

SERVICEVARSLING.NO
Innbyggerportal for vannavstengninger, strømstans, feiling, brøyting m.m.

LOG-IN

FORSIDE | BRUKERE | OM OSS | KONTAKT



SE DAGENS VARSLINGER

SE OM DU ER VARSLT

SJEKK DIN OPPFØRING

Ny nettside og bruk av sosiale medier

Vi har fått ny nettside som er tilpassa mobilen. På nettsida finn du m.a. flytteskjema og di eiga kundeside der du kan registrere målaravlesing og oppdatere kontaktinformasjon.

Vi nyttar no også Facebook slik at vi lettere kan nå fram til kundane våre. Vi vil nytte Facebook til å informere om feilsituasjonar og syne fram litt av kvardagen vår slik at kundane våre vert informert om kva som foregår.



Aktuelle saker:

- Varsling ved straum- og vassutkopling
- Ny nettside og bruk av sosiale medier
- SE fondet 2016
- Rusken ryddeaksjon
- Vinnar av konkurranse
- Felling av tre

Har du
huga å lese
av straum-
målaren
din?



Spør først, grav etterpå

Før oppstart av gravearbeid må du undersøke om det ligg straumkablår, fiberkablår, vass- eller avløpsleidningar nedgravd.

Dette gjer du enkelt ved å ta kontakt med oss seinast 2 dagar før graving skal skje.

Ein graveskade kan utløyse erstatningskrav og ha alvorlege konsekvensar for liv og eigedom!

SE fondet 2017

SE fondet har som mål å støtte frivillige lag og organisasjonar i Sykkylven kommune. Born og ungdom vert prioriterte, saman med grad av eigeninnsats og fri vilje.

Fondet skal bidra med midlar til gode tiltak for innbyggjarane i Sykkylven kommune, i samsvar med vår visjon: "Gi liv til eit samfunn i utvikling".

Ein kan søke om støtte frå fondet i perioden frå 1. april til 1. mai, ved å nytte eige søknadsskjema som ligg på heimesida vår.



Rusken ryddeaksjon 2017

I samarbeid med Årim oppfordrar vi igjen lag og organisasjonar, velforeiningar og private til å ta eit tak for lokalmiljøet sitt. Aksjonen går ut på å samle inn rusk og rask frå vegggrøfter og fellesareal, unntatt hageavfall og greiner.

Dei som ønskjer å vere med på ryddeaksjonen, kan nytte eigne sekkar eller hente sekkar her hos oss. Sekkar kan hentast allereie no.

Sekkane med rusk og rask vert henta saman med henting av restavfall i di sone i veke 19 (mellom 8. og 12. mai 2017).

Vi oppmodar alle om å rydde i sitt eige nærområde.



Vinnar av iPad

I perioden 15. september–15. desember 2016 gjennomførte vi ein konkurranse der alle som tinga eFaktura for nettleige var med i trekninga av ein iPad.

Den heldige vinnaren er Laila Therese Hansen. Vi gratulerer 😊

Felling av tre

Før du skal felle tre, **må** du undersøke om det er fare for at treet kan treffe kraftlinjer. Dersom det er fare for dette må du ta kontakt med oss på førehand. Send oss eit bilete og ei forklaring til firmapost@sykkylven-energi.no så skal vi vurdere risikoen og vi kan vere hjelpelege med fellinga.

Dersom eit tre treff ei kraftlinje så trekk unna og ring umiddelbart vår vakttelefon 7024 6350. Ikkje forsøk å ta vekk treet sjølv då dette kan medføre fare for liv og helse.



SYKKYLVEN
ENERGI AS

Sykkylven Energi AS
Haugsetvegen 33
6230 Sykkylven
Telefon 70246300
Feilmelding 70246350
www.sykkylven-energi.no
firmapost@sykkylven-energi.no